



Saksprotokoll

Organ: Fylkesutvalet

Møtedato: 06.03.2019

Sak nr.: 19/301-4
Internt l.nr.: 11189/19

Sak: 17/19

Tittel: **Skriv og meldingar fylkesutvalet 6. mars 2019**

Behandling:

Dette gir følgjande endeleg vedtak:

- 1a: Oppfølging av Regional plan for klimaomstilling - handlingsprogram 2018-2019
- 1b: Vedlegg

- 2: Nynorskens hus - Kva kan fylkeskommunen bidra med i høve anbudsprosessen

- 3: Intensjonsavtale mellom Firda Media AS, Nynorsk avissenter, Sogn og Fjordane teater, Rein design, NRK og NRK Nynorsk mediesenter og prosjektet Nynorskhuset

- 4a: Gjennomgang av regional stats inndeling - oppfølging av regionreformen
- 4b: En analyse av inndeling av regional stat – hovedrapport
- 4c: Brev frå KS datert 27.02.19: Uttalelse frå KS til DIFIs gjennomgang av regional stats inndeling

Vedtak:

Fylkesordførar får fullmakt til å utarbeide ei fråsegn frå fylkeskommunen på bakgrunn av drøftingane i fylkesutvalet.

- 5: Styresamansetning ved Høgskulen på Vestlandet

- 6: Brev frå Samferdsledepartementet datert 22.01.19: Stad skipstunnel

- 7: Brev frå KS datert 07.02.19 Overføringen av fylkesveiadministrasjonen frå Statens vegvesen til fylkeskommune.

- 8: Brev frå KMD datert 19.02.19: Tildeling av skjønstilskot etter flaum i 2018 til Sogn og Fjordane fylkeskommune.

- 9a: E-post frå Kinn Venstre: overføring av myndigheitsforvaltning for fiskerihamner til fylkeskommunane
- 9b: Kinn Venstre: overføring av myndigheitsforvaltning for fiskerihamner til fylkeskommunane

- 10: Uttale frå Gulen KrF sitt årsmøte 12.02.19: Tidleg buss til Bergen

Vedtak:

Fylkesutvalet ber hovudutvalet for samferdsle vurdere saka.

- 11: Raudt Sogn og Fjordane 12.02.19: Gå mot utviding av Vestland!
- 12: Rekneskap for 2018 - Sogn og Fjordane fylkeskommune
- 13a: Notat frå Lund og co: Løypemelding 2/2019
Ikkje offentleg, Offl. § 23 fjerde ledd
- 13b: Sogn og Fjordane fylkeskommune sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS – orientering om fylkestinget sitt vedtak i sak 46/18
- 13c: Fylkeskommunen sin eigarskap i Sogn og Fjordane Energi AS – informasjonsmøte
- 14: Gulatinget Nasjonale Kultursenter, søknad om statleg tilskot
- 15a og b: Musea i Sogn og Fjordane - fellesmagasin og museumsbygg
- 16a til e: Møtet i Vestlandsrådet 15.02.2019
- 17: Brev frå KS datert 01.03.19: Komiteens behandling av kulturmeldingen
- 18: Stortingshøring kulturmeldinga
- 19: Alarmsentralen Sogn og Fjordane – søknad
- 20: Uttale om omorganisering av Statens vegvesen

Vedtak:

Fylkesutvalet sender følgjande fråsegn til Statens vegvesen og Samferdsledepartementet, med kopi til Kommunal- og moderniseringsdepartementet:

Bygg sterke regionar med desentraliserte tenester og fagmiljø!

Innan 15. mai legg Vegdirektoratet fram forslag til framtidig organisering og lokalisering av fagmiljø og kontor i Statens vegvesen. Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane forventar at organiseringa bygger på dagens fagmiljø, sikrar oppgåver og funksjonar minst som i dag, og gjev gode, tilgjengelege tenester for innbyggjarar og næringsliv.

Omorganiseringa i Statens vegvesen kjem som følgje av oppgåveoverføring, effektivisering og digitalisering, der Vegdirektoratet føresler å gå frå geografiske regionale einingar til nasjonale divisjonar. I tillegg er det forslag om å redusere tal trafikkstasjonar. I Sogn og Fjordane kan dette føre til endra oppgåver og funksjonar ved regionvegkontoret på Leikanger, og for tenestestadene Sogndal, Nordfjordeid og Førde.

Fylkesutvalet er uroa for at prosessane vil føre til nedbygging av viktige fagmiljø og tenestetilbod, og at oppgåver, funksjonar og arbeidsplassar gradvis kan forsvinne ut av regionen. Den framtidige organiseringa av Statens vegvesen må spegle at regjeringa meiner alvor med statleg lokaliseringspolitik. Den må følgje opp måla i kommune- og regionreforma, med nye oppgåver til sterkare kommunar og regionar. Regionvegkontoret i Leikanger og tenestestadene Sogndal, Nordfjordeid og Førde, er alle lokaliserte i nye, større kommunar. Nordfjord er i tillegg ein bu- og arbeidsmarknadsregion med høvesmessig få og små statleg forvaltningsmiljø slik at Statens Vegvesen sitt fagmiljø er av særskilt betydning

Frå 01.01.20 dannar Sogn og Fjordane og Hordaland Vestland fylke. Vestland har i si organisering vedteke at fagområdet Veg og infrastruktur skal leiast frå Leikanger. Ein viktig grunn var samordning med det sterke fagmiljøet ved Statens vegvesens regionvegkontor. Fylkesutvalet minner om at statleg lokalisering skal bidra til styrka samordning mellom stat og nye regionar, og at «de regionale vurderingene av lokalisering av arbeidsplasser i de nye regionene vil tas med i statens beslutningsprosesser for lokalisering av statlige arbeidsplasser» . Fylkesutvalet meiner at dette også må gjelde for omorganiseringa av Statens vegvesen.

Tilgjengelege offentlege tenester og attraktive arbeidsmarknader er føresetnader for vekstkraftig næringsliv og gode lokalsamfunn over heile landet. Nasjonale oppgåver og funksjonar kan godt lokalisert og styrast utanfor dei største byane, dokumentert til dømes med Difi, NAV økonomitenester, fylkesmennes fellesadministrasjon på Leikanger, og Lotteri- og stiftingstilsynet i Førde. Region Vest er den tyngste veg-regionen i landet, med dei største utbyggingsprosjekta og spisskompetanse på fjerneleing, strategisk prosjektstyring, rassikring, bruer og tunnellar. Region Vest blir leia frå Leikanger, med fagmiljø i alle deler av regionen. Fylkesutvalet meiner at det ligg godt til rette for å bygge vidare på desse fagmiljøa, i ein framtidig divisjonsmodell, og med ei divisjonsleing lokalisert til Leikanger og Sogn og Fjordane.